

Valprogram for Suldal Senterparti

Kommunestyrevalet 2019

EIT SULDAL MED ALLE GRENDENE SOM FUNDAMENT

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me vil arbeida for eit samfunn der menneska kan utvikla seg fritt. Samfunnskontrakten skal oppfyllast av myndige menneske som tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdet er ukrenkjeleg og overordna andre verdiar.

Jorda er ein arv som me har plikt til å forvalta for etterkomarane våre.

Senterpartiet meiner at aktiv forvalting og bruk – ikkje passivt vern – er den beste måten å ta vare på naturen på. Norsk natur har også ein verdi i seg sjølv, og me må ta vare på han for framtidige generasjonar

Suldal Senterparti vil arbeida for at heile Suldal skal vera ein god kommune å leva i.

Suldalsfundamentet har fleire byggjesteinar:

- Aktiv næringspolitikk
- God samferdsle
- Gode oppvekstvilkår
- Gode helse- og omsorgstenester
- Aktivt kulturliv

Me vil arbeida for å motverka sentralisering og prioritera tiltak som kan skapa folketalsvekst i heile kommunen. Me ønskjer levande bygder og eit sterkt kommunesenter. Senterpartiet vil ha aktive grendeutval.

Næringslivet

Senterpartiet vil driva ein aktiv næringspolitikk for å utvikla eit breitt næringsliv i kommunen, med fokus på eksisterande og nye næringar.

Sikre, gode vegar er viktige for næringslivet. Det same er eit godt utbygd breiband og mobilnett.

Det er viktig med tilgjengelege og tenlege næringsområde.

Suldal er ein energikommune, det er difor viktig å leggja til rette for kraftkrevjande industri for å kunna nytta noko av denne energien lokalt. Eit godt utbygd fibernett er og naudsynt.

Primærnæringane, og særleg landbruket, vil òg i framtida vera ei hjørnestensnæring i Suldal.

Dyrka jord er ein knapp ressurs i Suldal, me må difor ha eit strengt jordvern.

Det er viktig å stimulera unge til å overta gardane. Prosjektet: «Suldalsbonden mot år 2050» er ein viktig reiskap i dette arbeidet.

Eit sterkt landbruk er viktig både gjennom direkte sysselsetting, gjennom ringverknadar i

vidareforedling og service, for å ivareta kulturlandskapet og for busetnad.

Reiselivet er ei vekstnæring. Senterpartiet vil at reisemål og oppleveligar skal utviklast i eit berekraftig perspektiv. Kultur, mat og naturoppleveligar er sentrale element i reiselivsutviklinga.

Suldal Sp vil:

- arbeida for stadig å betra infrastrukturen i heile kommunen m.a. gjennom sikring og utbetring av vegnettet, og vidare utbygging av breiband og mobilnett.
- oppretthalda kommunale tilskotsordningar til primærnæringane
- ha ei restriktiv haldning til bu- og driveplikta
- driva aktiv næringsutvikling i samarbeid med Suldal Vekst og ved bruk av Ulla Førre Næringsfond
- gi næringane gode rammer
- aktivisera næringsforum i kommunen

Oppvekst

Suldal Senterparti ønsker at alle – både unge og eldre – skal vera nyfikne, interesserte og lærelystne.

Utbygging av barnehageplassar må skje slik at alle som ønsker det, får barnehageplass.

Det er viktig med førebyggjande arbeid mellom barn og unge.

UIR (utdanning i Ryfylke) er viktig for å få tilstrekkeleg og rett kompetanse i regionen.

Suldal Sp vil:

- arbeida for å oppretthalda Barneskular og barnehagar som i dag
- arbeida for å sikra gode oppvekst- og læringsmiljø i kommunen vår
- arbeida for ei godt tilrettelagt skulefritidsordning (SFO)
- sikra og vidareutvikla eit vidaregåande skuletilbod i Indre Ryfylke ved å satsa på Sauda vidaregåande skule og Topp Volley Norge
- at Suldal skal vera ein aktiv part i den vidare satsinga på skreddarsydd utdanning i Indre Ryfylke (UIR)
- arbeida for lovfesting av retten til leirskuleopphald

Kultur

Me skal ha eit rikt kulturliv der alle som vil får uttrykka seg. Kultur er viktig for trivsel og livskvalitet og er slik eit avgjerande moment for å auka bulysta i kommunen. Kulturskulen er ein av hjørnesteinane i det lokale kulturlivet, det same er frivillig arbeid.

Nynorsk er ein viktig del av kulturen vår, det er viktig å ta vare på skriftspråket vårt.

Suldal Sp vil:

- gi aktiv støtte til lokale lag og organisasjonar
- vidareutvikla kulturskulen for barn og unge
- vidareføra distriktsmusikarordninga
- stimulera til at profesjonelle kunstnarar ønsker å bu og virka i Suldal

Suldal Senterparti ønsker å støtta opp om kulturaktivitetar i heile kommunen. Saman med kulturhuset si satsing vil dette auka trivnaden for suldølen og bidra til tilflyttingslyst.

Suldal Sp ønsker vidareutvikling av Topp Volley og tilbod rundt sandvolleyhallen, i tillegg til utvikling av dei andre regionale idrettsanlegga våre.

Bustader

Suldal Sp ønskjer busetnad i alle delar av kommunen og vil ha attraktive tomter i alle skulekrinsane.

Suldal Sp vil:

- arbeida for bygging av utleigehusvære
- leggja til rette for fortetting i sentrum for å få fleire sentrumsnære bueiningar
- arbeida for at alle fastbuande i Suldal skal ha tilbod om breibandløysing. Mobilnettet må betrast vesentleg der folk bur, og langs vegane
- framleis ha areal for spreidd bustadbygging i kommuneplanen
- driva aktiv marknadsføring av ledige bustadar og tomter
- gi unge familiar gratis søknadsprosess ved byggjesøknadar til bustadhus. Den yngste av dei vaksne må vera under 35 år.

Ungdom - unge vaksne

Å oppretthalda folketalet i kommunen er svært viktig. Dersom me skal lukkast her, må me få fleire til å flytta til kommunen. Å satsa slik at me får unge til å flytta heim er viktig.

Suldal Sp ønskjer:

- å arbeida aktivt for at ungdom skal finna det attraktivt å koma attende til kommunen
- å leggja til rette for at ungdom skal kunna delta i politiske prosessar
- eit aktivt ungdomsråd i kommunen
- gode møteplassar for ungdom
- vidareføra ordninga med abonnement på Suldasposten for skuleelevar og studentar
- å gi gratis barnehageplass til barn nr 3 og oppover, i ein familie med minst 3 born i barnehage- og grunnskulealder

Helse, omsorg og folkehelse

Alle skal vera trygge på at dei får den hjelpa dei treng til ei kvar tid.

Suldal kommune har vedteke ein plan for «Framtidas omsorg» med satsing på Sand, Vinjar og Jelsa. Suldal Sp vil arbeida for at denne vert gjennomført.

Tanken er at ein skal bu heime lengst mogleg, det er difor viktig med ei sterk heimeteneste og gode, desentraliserte dagtilbod.

Velferdsteknologiske løysingar kan styrkja dei føresetnadane kvar enkelt har for å klara seg sjølv i kvardagen.

Det er viktig å ha eit godt tilbod til både unge og gamle med psykiske lidningar. Ei god skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom er viktig.

Suldal Sp ønskjer at bruk av rusmiddel vert redusert. Det er viktig å fokusera på førebyggjande arbeid. Det er viktig med godt samarbeid med politikontakten.

Suldal Sp ønskjer:

- at brukarane sjølve skal få vera med å bestemma og slik få eit meir meiningsfylt tilvære
- å leggja vekt på førebyggjande helsearbeid
- å arbeida for at helse- og omsorgstenestene i kommunen vert vidareutvikla

- å sikra eit desentralisert dagtilbod for alle som treng det og stimulera til eit mangfald i tilbodet
- å støtta rusfrie tilskipingar for ungdom
- å intensivera det haldningsskapande arbeidet mot narkotika
- å styrkja det tverrfaglege samarbeidet
- å stimulera til auka bruk av *Inn på tunet*. Dette er også god næringspolitikk
- ei fastlegeordning som sikrar rekruttering og stabil legedekning

Samferdsel

RV 13 og FV 46/520 er svært viktige samferdselårer i kommunen. Hurtigbåttilbodet er ei livsnerve i kollektivtilbodet.

Suldal Sp vil arbeida for å:

- tryggja og rassikra vegane i Suldal, der rassikringsprosjekta Erfjord-Sand og Brattlandsdalen er dei viktigaste
- forskottera rassikringsprosjektet i Rødsliane, saman med fylkeskommunen
- halda oppe og vidareutvikla eit godt hurtigbåt- og ferjetilbod til indre Ryfylke
- vinna tilslutning til prosjektet Haukelibanan
- arbeida for gul midtstripe på RV 13
- sikra kollektivtilbod både i og til/frå kommunen
- få utbetra vegen mellom Hebnes og Vatlandså

Energi og miljø

Klimaet er i endring. Senterpartiet meiner at det er viktig at me også lokalt tek klimautfordringane på alvor.

Skogen er ein viktig del av løysinga i klimapolitikken. Skogen tek netto opp ei mengd CO₂. Aktiv skogpolitikk er ein jordnær, konkret og billig måte å bidra til å oppnå klimamåla på.

Å bruka tre som byggjemateriale er viktig for karbonlagring og for at skognæringa skal vera lønnsam. Me skal alltid vurdera å setja opp nye offentlege bygg i massivtre eller reisverk av trematerialar.

- ha lokal forankring ved forvaltning av naturressursane i kommunen. Suldal kommune har store utmarksressursar som det er viktig å ivareta på ein god og berekraftig måte

Suldal Sp vil:

- støtta utbygging av miljøvenleg energiproduksjon som t.d. biobrenselanlegg
- oppretthalda kulturlandskapet og vera restriktiv til nedbygging av matjord
- oppretthalda tilskot til straumframføring der dette er særleg kostbart
- arbeida for å auka kapasiteten i linjenettet
- redusera netto utslepp av CO₂, - eit aktivt skogbruk er viktig i dette arbeidet
- at kommunen skal nytta El-bilar
- arbeida for energisparande tiltak i kommunale bygg
- skifta til LED-lys i veglysa

Tilhøve til stat, fylkeskommune og andre kommunar

Suldal Sp vil primært styrkja regionen gjennom å utvikla eit tettare interkommunalt samarbeid.

Suldal Sp vil vurdera interkommunalt samarbeid opp mot målet om å finna effektive løysingar på kommunale oppgåver og gode tenestetilbod til innbyggjarane.

Suldal Sp meiner at innbyggjarane i Suldal vil få best tenester dersom Suldal kan vera eigen kommune.

Suldal Sp vil oppretthalda Ryfylke IKS og Ryfylkefondet.

Suldal Sp meiner at der kommunen får ansvar for oppgåver av stat eller fylkeskommune, må kommunen ha handlingsrom til å tilpassa løysing til lokale tilhøve.

Kommunen som arbeidsgjevar

Suldal kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar med ein personalpolitikk som gir utvikling og trivsel for dei tilsette.

Suldal Sp vil:

- leggja til rette for at tilsette skal få auka kompetanse ved å stimulera til vidareutdanning
- gi stønad og delvis fri med løn til tilsette som ønskjer ei grunnutdanning innan fag som kommunen har problem med å rekruttera til
- satsa på leiarutdanning
- arbeida for ein heiltidskultur
- at det nynorske skriftspråket skal vera enerådande i heile den kommunale organisasjonen.

Vedteke 21.02.2019